Universitetet i Bergen

Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN (UiB) er eit byuniversitet der sentrale delar av campus ligg i Bergen sentrum. Vi har over 14 000 studentar og vel 3 500 tilsette. UiB er kjend for forsking på høgt internasjonalt nivå og har mellom anna fleire sentre for framifrå forsking (SFF), sentre for forskingsdrevet innovasjon (SFI) og stipend frå European Research Council (ERC). Vi har ein sterk internasjonal profil som medfører tett samarbeid med universitet over heile verda.

Nestleiar i studieseksjonen (rådgjevar) ved Det juridiske fakultet

Ved Det juridiske fakultet er det frå ca. september ledig eit års vikariat som nestleiar i studieseksjonen, med moglegheit for forlenging.

Studieseksjonen administrerer fakultetet sitt 5-årige masterprogram i rettsvitskap med ca. 2 000 studentar. Studiet er det 3. mest populære av alle utdanningar i Noreg. Seksjonen følgjer studentane frå rekrutteringsprosess til dei er ferdig utdanna juristar. Det inneber mellom anna informasjonsarbeid, studieadministrasjon, saksbehandling, kvalitetssikring og -utvikling, studentmobilitet og internasjonalt samarbeid. Det er eit kontinuerleg fokus på vidareutvikling av kvalitet i studiet og forbetring av interne prosessar og rutinar i seksjonen . Seksjonen yter støtte til fagleg leiing ved fakultetet. Seksjonen tel om lag 15 medarbeidarar.

Nestleiar vil være avløysar for seksjonssjef. Til stillinga ligg det å kvalitetssikre og godkjenne saksbehandling, og ha eit medansvar for utvikling av interne rutinar og prosessar i seksjonen. Nestleiar skal være administrativ pådrivar i studiekvalitetsarbeidet og det pedagogiske utviklingsarbeidet ved fakultetet. Til stillinga ligg koordinering, utgreiing og sakshandsaming av studiesaker på eit høgt nivå. Nestleiar vil vere involvert i tilsettingsprosessar i seksjonen.

Nestleiar rapporterer til seksjonssjef.

Den som vert tilsett kan òg få andre leiar- og studieadministrative oppgåver. Arbeidskvardagen ved fakultetet er travel, og stillinga inneber mykje kontakt med vitskapleg tilsette og studenttillitsvalde.

Kvalifikasjonar

- mastergrad
- brei studieadministrativ røynsle på høgt nivå
- leiarrøynsle eller røynsle som prosjektleiar, arbeidsleiar e.l. er ein føremon
- røynsle som saksbehandlar på høgt nivå
- røynsle med å kvalitetssikre og godkjenne andre sitt arbeid
- kan nytte begge målformer og engelsk munnleg og skriftleg
- god administrativ it-kompetanse

Personlege eigenskapar

- evne til å motivere seg sjølv og andre
- gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- evne til sjølvstendig oppfølging og gjennomføring av arbeidsoppgåver
- initiativrik, fleksibel og kreativ
- evne til prioritering og god orden
- stor arbeidskapasitet
- evne til å initiere, leie og evaluere prosessar og halde oversyn over fleire parallelle arbeidsprosessar både hos seg sjølv og andre

Vi legg vekt på

- personlege eigenskapar naudsynt for stillinga
- røynsle med å leie andre sitt arbeid og leie prosessar
- høg studieadministrasjonsfagleg kompetanse
- kjennskap til og praksis frå universitets- og høgskulesystemet
- interesse for utdanningsutvikling

Vi kan tilby

- allsidige arbeidsoppgåver

- stor grad av sjølvstende
- høve til kompetanseutvikling
- eit aktivt, godt og inkluderande arbeidsmiljø
- fleksitidsordning
- her kan du lese meir om kva UiB kan tilby: www.uib.no/poa/karriere-ved-uib

Det er ikkje krav om juridiske emne i graden. Kandidatar frå alle relevante fagområde vert oppmoda til å søkje.

Løn etter lønssteg 60-63 (Rådgjevar kode 1434), etter kvalifikasjonar og tenesteansiennitet. For særleg godt kvalifiserte søkjarar kan ein vurdere høgare løn.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:
Seksjonssjef Christine Stoltz Olsvik, tlf. 911 47 401 eller e-post: christine.olsvik@jurfa.uib.no

For nærare informasjon om Det juridiske fakultet, sjå http://www.uib.no/jur

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad avspegle mangfaldet i folket. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetning og rekruttere personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn. Personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Søknad og CV skal sendast elektronisk frå denne sida: «Søk denne stillinga».
Kopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om det.

Søknadsfrist: 14. juni 2014

Søknaden skal merkast 14/5541

Jobbnorge-ID: 103153, Søknadsfrist: 14.06.2014, Intern ID: 2014/5541